# Øvre Telemark jordskifterett

# Rettsbok

**Sak: 0820-2006-0005 Solhomsfjell**

**Gnr. 39 og 41 i Nissedal kommune**
**Gnr. 28 i Gjerstad kommune**

**Oppstarta: 11.05.2006**

**Avslutta: 05.02.2007**

## JORDSKIFTERETTSMØTE

| | |
|---|---|
| **Rettsmøtedag:** | 11.05.2006 |
| **Stad:** | grendehuset på Felle i Nissedal |
| **Sak nr.:** | 0820-2006-0005 Solhomfjell |
| **Saka gjeld:** | krav om grensegang etter jordskiftelova § 88 andre ledd |
| **Jordskiftedommar:** | Svein Dag Midtsund, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd. |
| **Protokollførar:** | rettsleiaren |
| **Saka er kravd av:** | Fylkesmannen i Telemark |
| **Til handsaming:** | fremming av saka |

**Partar:**

1 Fylkesmannen i Telemark, Statens hus, 3708 Skien, rekvirent i saka som regulant av eigarrådveldet, jf § 88 andre ledd i jordskiftelova.
2 Statskog SF, Søren R. Thornæs vei 10, 7800 Namsos, eigar av gnr. 39 bnr. 1, gnr. 39 bnr. 2, gnr. 39 bnr. 3, gnr. 41 bnr. 3 og gnr. 41 bnr. 19 i Nissedal kommune, Telemark fylke. I tillegg er dei eigar av gnr. 28 bnr. 2 i Gjerstad kommune, Aust-Agder fylke.
3 Per Wehus, Kilsveien 2, 3766 Sannidal, eigar av gnr. 41 bnr. 1.
4 Jon Arild Resen-Fellie, Vammaveien 160, 1815 Askim, eigar av gnr. 41 bnr. 6.
5 Monica Reksten, Øvre Langgate 9, 3110 Tønsberg, eigar av gnr. 39 bnr. 4.

Alle eigedomane under gnr. 39 og 41 ligg i Nissedal, medan gnr. 28 ligg i Gjerstad kommune.

| | |
|---|---|
| **Til stades:** | For Statskog SF møter Nils Olav Sunde, frå Fylkesmannen i Telemark møter Espen Marker. I tillegg møter Per Wehus. |
| **Lovleg varsla, men ikkje møtt:** | Olav Andreas Felle. |

Til stades var også avdelingsingeniør Bjørgulf Ruud ved Øvre Telemark jordskifterett.

På spørsel frå jordskiftedommaren var det ingen som hadde merknader til innkallinga til møtet eller til samansetjinga av retten. Ingen kjende til forhold som skulle gjera retten ugild etter reglane i dosmtollova §§ 106 – 108.

**Følgjande dokument vart framlagt:**

1 Krav om grensegang, datert 20.01.2006, vedlagt kart med reservatgrenser, oppgåve over over grunneigarar i naturreservatet og verneforskrift.
2 Forkynning av krav om grensegang dat. 06.02.2006 vedheft kvittering for motteken forkynning.
3 Innkalling til møtet i dag, datert 06.04.2006, vedheft mottakskvitteringar.
4 Skriv dat. 01.03.2006 frå Jon Arild Resen-Fellie.

Dokument 1-3 vart gjennomgått i den grad det var nødvendig. Ingen hadde merknader til innkallinga.

Nils Olav Sunde la fram:

5 Fullmakt dat. 14.02.2006 frå Statskog SF ved adm. dir. Øistein Agesen til Nils Olav Sunde.

Jordskiftedommaren orienterte om jordskiftretten generelt og om den aktuelle sakstypa. Han la mellom anna vekt på at det er viktig for grunneigarane at grensefastsetjinga blir i samsvar med eigedomsgrensene der vernegrensa kryssar eller er meint å følgje eiendomsgrenser.

Espen Marker fekk ordet til framstilling av saka. Han bad om fremming i samsvar med kravet.

Dei andre partene forklarte seg i den grad dei ynskte. Ingen hadde noko imot at saka vart fremma.

Partslista vart gjennomgått. Olav Andreas Felle er kalla inn til møtet i dag, men møter ikkje. Han er oppført som eigar av gnr. 41 bnr. 16 og påført som part i den endra partslista frå fylkesmannen. Rettsformannen tok no kontakt med Olav Andreas Felle per telefon. Han meiner det må vera feil at han støyter til området for verneskog, og hevdar at det må vera Jon Arild Resen-Fellie som har den aktuelle eigedomen. Dette er tilhøve retten skal sjå vidare på.

Monica Reksten som eigar av gnr. 39 bnr. 4 er ikkje innkalla til dette møtet. Ho skal møte seinare i dag i sak nr. 6/2006. Rettsformannen har vore i telefonisk kontakt med henne og avtalt frammøte også i sak nr. 5/2006, fordi retten under førebuinga til møtet i dag meiner å ha klarlagt at hennar eigedom også i den saka støyter til vernegrensa.

No møtte Monica Reksten saman med Astrid og Thorleif Reksten. Rettsformannen orienterte dei om dei formelle tilhøva ved retten, innkallinga til møtet og gav ei orientering om jordskifteretten som særdomstol. Dei hadde ingen ting å merke til samansetjing av retten og kjende ikkje til tilhøve som skulle gjera retten ugild. Dei hadde heller ikkje noko å merke til innkallinga.

Det vart på nytt gjort greie for kravet og korleis dette er tenkt gjennomført. Monica Reksten hadde ikkje noko imot at saka vart fremja.

Jordskifteretten gjorde slikt

## VEDTAK:

Partar omfatta av vedtaket: Alle partar oppført på fyrste sida i rettsboka. Av denne partslista går det då fram at Olav Andreas Felle ikkje er part i saka. Av jordskiftesak nr. 15/1942 slutta den 02.07.1973 går det fram at eigedomen som støyter til vernegrensa på den aktuelle strekningen, er gnr. 41 bnr. 6, eigar Jon Arild Resen-Fellie. Dette stadfestar han sjølv i brevet han har sendt jordskifteretten, dok. nr. 4. men i dette brevet opererar også han med gnr. 41 bnr. 16 (slik det går fram av Digitalt Eigedomskartverk for Nissedal). Denne mistydinga er nå avklart.

| | |
|---|---|
| Heimel for vedtaket: | Jordskiftelova § 17a fyrste ledd, jf. § 14 og § 88 andre ledd. |
| Vedtaket gjeld: | Fremming av saka. |

Merknader frå partane.
Rekvirenten har påstått saka fremma. Dei andre partane i saka har ikkje noko imot at saka vert fremja.

Jordskifteretten skal merke.
Solhomfjell naturreservat vart vedtatt verna ved kgl. res. 10.06.2005. Området ligg dels i Nissedal og dels i Gjerstad kommune og omfattar areala slik dei går fram av kartet med vernegrenser. Fylkesmannen kravde grensegangssak 20.01.2006. Jordskiftelova § 88 endre ledd gjev jordskifteretten heimel til å behandle grenser ved offentleg regulering av eigarrådveldet. Retten kan ikkje sjå at det ligg føre grunnar til å nekte saka fremma.

Der vernegrensa fylgjer eigedomsgrenser, skal jordskifteretten gjennomføre grensegang på vanleg måte, jf § 88 i fyrste ledd i jordskiftelova. For eigedomsgrenser som er rettskraftig avgjort frå før – t.d. den mot gnr. 41 bnr. 6 – vil det ikkje bli gjennomført ny grensegang, men berre vist til at denne er behandla tidlegare av jordskifteretten.

Kostnadene for behandlinga av vernegrensa i jordskifteretten, som etter hovudregelen i jordskiftelova § 76 siste ledd vert dekt av vernemyndigheten, vil bli endeleg utrekna ved avsluttinga av saka. Staten v/Fylkesmannen i Telemark vert pålagt å innbetale forskott til dekning av sideutgifter til målehjelp, jf. jordskiftelova § 74 andre ledd.

### Slutning.

*Saka vert fremma. Saka omfattar grensegang for Solhomfjell naturreservat, inkludert eigedomsgrenser der reservatgrensa følgjer eller kryssar eigedomsgrenser.*

Det er i dag for mykje snø i området at ein kan gjennomføre synfaring. Grensene vil bli synfart i samband med markarbeidet (utstikking, merking og innmåling). Grensa mot gnr. 39 bnr. 4 vil bli særskilt synfart av jordskifteretten som på vanleg måte for grensegangssaker. Avdelingsingeniør Bjørgulf Ruud eller Terje Skinstad vil leie det tekniske arbeidet, og partane vil bli varsla pr. telefon seinast dagen i før den aktuelle merkinga. Det vil seinare bli gjennomført møte (eller blir sendt ut) der førebels kart

og utkast til vedtak om grenser vert lagt fram. Partane vil få ein frist til koma med merknader til framlegget. Deretter vil ein fatte vedtak om korleis grensene skal gå utan at partane er til stades, jf. § 17 a fjerde ledd i jordskiftelova.

Ingen hadde innvendingar til at innkallinga til neste møte vert sendt i vanleg brev med minst éi vekes varsel, jf. jordskiftelova § 14.

På spørsel frå rettsformannen hadde ingen merknader til forhandlingane.

Kopi av rettsboka vert sendt partene i vanleg brev.

Saka vert utsett på uviss tid.

Retten heva.

Felle den 11. mai 2006.

Steein Dag Midtsund

## JORDSKIFTERETTSMØTE

**Rettsmøtedag:** 20.06.2006
**Stad:** Felle i Nissedal
**Sak nr.:** 0820-2006-0005 Solhomfjell - utsatt fra 11.05.2006.

**Saka gjeld:** Krav om grensegang etter jordskiftelova § 88

**Jordskiftedommar:** Svein Dag Midtsund, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd.

**Protokollførar:** Rettsleiaren

**Saka er kravd av:** Fylkesmannen i Telemark

**Til handsaming:** Synfaring av eigedomsgrense mellom gnr. 41 bnr. 3 og 19 på den eine sida og gnr. 39 bnr. 4 på den andre sida

**Partar:**

1. Fylkesmannen i Telemark, Statens hus, 3708 Skien, rekvirent i saka som regulant av eigarrådveldet, jf § 88 andre ledd i jordskiftelova.
2. Statskog SF, Søren R. Thornæs vei 10, 7800 Namsos, eigar av gnr. 39 bnr. 1, 2 og 3.
3. Monica Reksten, Øvre Langgate 9, 3110 Tønsberg, eigar av gnr. 39 bnr. 4.

Eigedomane ligg i Nissedal kommune.

**Til stades:** Thorleif Reksten og Nils Olav Sunde

Fylkesmannen i Telemark var lovleg varsla, men møtte ikkje.

På spørsmål frå jordskiftedommaren hadde ingen merknader til innkallinga til møtet eller til måten retten var samansett på. Ingen kjende til noko som kunne tilseie at retten var inhabil.

**Følgjande dokument vart framlagde:**

6 Innkalling til rettsmøte dat. 15.05.2006
7 Utsnitt av økonomisk kartverk over dei aktuelle grensestrekningane
8 Fullmakt dat. 19.06.2006 frå Monica Reksten til Thorleif Reksten

Dokumenta vart gjennomgått i nødvendig grad. Ingen hadde merknader til innkallinga.

I dei høve der den vedtekne vernegrensa fylgjer eigedomsgrenser, skal jordskifteretten handsame denne som ei ordinær grensegangssak etter § 88 i jordskiftelova. Difor er det i dag kalla inn til rettsmøte for å synfare eigedomsgrensa mellom gnr. 39 bnr. 4 på den eine sida og fyrst gnr. 41 bnr. 3 og 19 og vidare gnr. 39 bnr. 1, 2 og 3 på den andre sida.

Under synfaringa vart økonomisk kartverk, dok. nr. 7, nytta til å finne dei aktuelle grensemerka. Desse vart markerte med spraymåling og innlagt på kartet.

Synfaringa starta ved ei deild søraust for Berrtjønn, gjekk så søraustover til ei deild søraust for Orretjønnane. Her vinkla grensa og gjekk i nordleg retning til frampå brotet ned mot Uvdalen. Dei påviste punkta fekk nummereringa 1 – 10.

Etter påvisinga av pkt. nr. 10 tok retten og partane seg ned dalsida til Uvdalen for å halde fram synfaringa på Heitfjell, sak nr. 6/2006, for Øvre Telemark jordskifterett.

Rettsformannen opplyste at arbeidet med å merke og måle vernegrensa tek til med det fyrste, og at retten vil utarbeide framlegg til vedtak for den synfarte grensa, jf. § 17a i jordskiftelova.

Kopi av rettsboka blir send til partane i vanleg brev.

På spørsmål hadde ingen merknader til forhandlingane.

Synfaringa slutt kl. 1500.

Retten heva.
Nissedal, 20.06.2006

## JORDSKIFTERETTSMØTE

| | |
|---|---|
| **Rettsmøtedag:** | 05.02.2007 |
| **Stad:** | Øvre Telemark jordskiftekontor i Kviteseid |
| **Sak nr.:** | 0820-2006-0005 Solhomsfjell - utsatt fra 20.06.2006. |
| **Saka gjeld:** | Krav om grensegang etter jordskiftelova § 88 |
| **Jordskiftedommar:** | Svein Dag Midtsund, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd. |
| **Protokollførar:** | Rettsleiaren |
| **Saka er kravd av:** | Fylkesmannen i Telemark og Aust-Agder |
| **Til handsaming:** | 1 Avslutting av saka<br>2 Fordeling av kostnader |

**Partar:**

1 Fylkesmannen i Telemark, Statens hus, 3708 Skien, rekvirent i saka som regulant av eigarrådveldet, jf § 88 andre ledd i jordskiftelova.
2 Statskog SF, Søren R. Thornæs vei 10, 7800 Namsos, eigar av gnr. 39 bnr. 1, gnr. 41 bnr. 3 og gnr. 41 bnr. 19 i Nissedal kommune, Telemark fylke. I tillegg er dei eigar av gnr. 28 bnr. 2 i Gjerstad kommune, Aust-Agder fylke.
3 Jon Arild Resen-Fellie, Vammaveien 160, 1815 Askim, eigar av gnr. 41 bnr. 6.
4 Monica Reksten, Øvre Langgate 9, 3110 Tønsberg, eigar av gnr. 39 bnr. 4.

Eigedomane ligg i Nissedal kommune, Telemark fylke og Gjerstad kommune, Aust Agder fylke.

**Til stades:** Ingen av partane var kalla inn og ingen møtte, jf. § 22 i jordskiftelova

---

Rettsleiaren visste ikkje om at det sidan førre møtet var kome til noko som skulle gjera han ugild etter reglane i domstollova §§ 106 – 108.

**Følgjande dokument vart framlagde:**

5 Jordskiftekart i målestokk 1: 12 500 med dei oppgåtte grensene innteikna.
6 Framlegg til rettsfastsetjande vedtak forkynt den 18.01.2007.

Dokumenta vart gjennomgått i nødvendig grad.

I medhald av § 17a, jf § 17b,gjorde jordskifteretten slikt rettsfastsetjande

**vedtak:**

Partar vedtaket vedkjem: Alle grunneigarar oppførte som partar ovanfor.

Vedtaket gjeld: Fastsetting av grenser for naturreservat og eigedomsgrenser.

Saka er kravd som grensegang for *offentleg regulering av eigarrådvelde* med heimel i jordskiftelova § 88. Rekvirenten har oppgitt alle partane som vert berørt av vernevedtaket og desse er ført inn som partar i rettsboka.

Under merkinga av grensene er kartdata for vernevedtaket lagt til grunn. Der vernegrensa fell saman med eigedomsgrense er det sett ut grensemerke som markerar at det i det aktuelle punktet (og strekningen) er eigedomsgrense. Elles er vernegrensa markert med vernegrensemerke og skilt *"naturreservat"* slik det går fram av jordskiftekartet.

Framlegg til vedtak med vedlagt kart vart sendt partane til uttale i brev dat. 17.01.2007 med frist til 01.02. 2007 for å koma med merknader til framlegget. Det har ikkje kome merknader til det utsendte materialet.

**Slutning:**

*Grensa for Solhomfjell naturreservat og berørte eigedomsgrenser blir fastsett slik det går fram av denne grenseskildringa og vedlagt kart.*

## Grenseskildring

Under grensemerkinga er det nytta boltar av aluminium som bora ned i fjell eller stein. Grensepunkta er posisjonsbestemt med satelittbasert måleutstyr, og retning og avstand mellom punkta er utrekna frå desse målingane. Retningane referer seg til rutenettet på kartet (kartnord) og er gitt ved 400 graders ($^g$) deling av sirkelen; $0^g = 400^g$ = nord, $100^g$ = aust, $200^g$ = sør osv. Avstandane mellom punkta er gitt som horisontale mål.

Koordinatane (X = nord, Y = aust) er gitt i koordinatsystem EUREF89, UTM sone 32.

Grensene er vist på jordskiftekart med kartarkivnr. 085462. Kartet er på eitt blad i målestokk 1: 12 500.

```
Grense: 1 Grense for naturreservat og eigedom
mellom gnr. 41 bnr. 6 i Nissedal kommune, eigar Jon Arild
       Resen-Fellie
       på nordre side
og     gnr. 41 bnr. 3 og 19 i Nissedal kommune, verna areal for
       eigar Statskog SF
       på søndre side
-----------------------------------------------------------------
Pkt Punkt-                    Retn.  Lengde     X-          Y-
nr. beskrivelse             (grader) (meter) koordinat   koordinat
-----------------------------------------------------------------
    Denne grensa blei handsama i sak 15/1942 for Vest-
    Telemarkjordskifterett. Under merkinga av reservatet blei den
```

gamle grensa, som er urørt av denne saka, merka med nye boltar.
Grensa tek til i endepunktet for grense 10

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | JSR bolt i fjell i gammal deild 5 m frå kant | | | 6534794.11 | 482417.60 |
| | | 88.9 | 64.33 | | |
| 2 | JSR bolt i stein i gammal deild | | | 6534805.24 | 482480.96 |
| | | 77.4 | 98.40 | | |
| 3 | JSR bolt i stein i gammal deild | | | 6534839.48 | 482573.22 |
| | | 79.2 | 84.92 | | |
| 4 | JSR bolt i stein i gammal deild | | | 6534866.77 | 482653.63 |
| | | 78.9 | 127.28 | | |
| 5 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6534908.25 | 482773.96 |
| | | 64.3 | 111.98 | | |
| 6 | JSR bolt i stein i gammal deild | | | 6534967.82 | 482868.78 |
| | | 64.4 | 105.98 | | |
| 7 | JSR bolt i stein i gammal deild | | | 6535023.99 | 482958.64 |
| | | 64.0 | 91.60 | | |
| 8 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6535073.12 | 483035.96 |
| | | 96.4 | 90.90 | | |
| 9 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6535078.23 | 483126.71 |
| | | 100.5 | 77.32 | | |
| 10 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6535077.66 | 483204.03 |
| | | 101.9 | 99.83 | | |
| 11 | JSR bolt i stein i gammal deild i skråning | | | 6535074.66 | 483303.81 |
| | | 102.1 | 57.75 | | |
| 12 | JSR bolt i stein i gammal deild | | | 6535072.80 | 483361.53 |
| | | 101.3 | 102.06 | | |
| 13 | JSR bolt i fjell i nord-vendt helling | | | 6535070.70 | 483463.57 |
| | | 101.0 | 122.54 | | |
| 14 | JSR bolt i fjell på topp-punkt | | | 6535068.73 | 483586.09 |
| | | 77.4 | 162.38 | | |
| 15 | JSR bolt i fjell i gammal deild mellom to tjern | | | 6535125.29 | 483738.31 |
| | | 78.8 | 97.28 | | |
| 16 | JSR bolt i fjell sør for myr med tjern | | | 6535157.02 | 483830.27 |
| | | 78.4 | 77.51 | | |
| 17 | JSR bolt i fjell i gammal deild 30 m sør for tjern | | | 6535182.85 | 483903.34 |
| | | 77.8 | 113.00 | | |
| 18 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6535221.54 | 484009.51 |
| | | 78.5 | 100.46 | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 19 | JSR bolt i stein i gammal deild i lyngområde | | | 6535254.85 | 484104.29 |
| | | 78.0 | 71.91 | | |
| 20 | JSR bolt i fjell i gammal deild på bergtopp | | | 6535279.21 | 484171.95 |
| | | 77.0 | 77.10 | | |
| 21 | JSR bolt i stein 20 m vest for myr | | | 6535306.50 | 484244.06 |
| | | 68.4 | 120.88 | | |
| 22 | JSR bolt i fjell i gammal deild, der gnr. 39 bnr. 4 støyter til og grensa endar. Punktet er også startpunkt for grense 2. | | | 6535364.02 | 484350.37 |

**Grense: 2 Grense for naturreservat og eigedom**

mellom gnr. 39 bnr. 4 i Nissedal kommune, eigar Monica Reksten på nordaustre side

og gnr. 41 bnr. 3 og 19 i Nissedal kommune, verna areal for eigar Statskog SF på sørvestre side

| Pkt nr. | Punkt- beskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X- koordinat | Y- koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| | Grensa tek til i delet mot gnr. 41 bnr. 6, i endepunktet for grense 1 | | | | |
| 22 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6535364.02 | 484350.37 |
| | | 138.0 | 131.01 | | |
| 23 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6535290.44 | 484458.77 |
| | | 138.0 | 93.79 | | |
| 24 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6535237.70 | 484536.33 |
| | | 139.4 | 91.27 | | |
| 25 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6535184.74 | 484610.65 |
| | | 139.2 | 82.07 | | |
| 26 | JSR bolt i fjell i gammal deild | | | 6535137.37 | 484677.68 |
| | | 143.2 | 162.45 | | |
| 27 | JSR bolt i fjell i gammal deild 5 m frå kant | | | 6535035.47 | 484804.19 |
| | | 143.2 | 171.33 | | |
| 28 | JSR bolt i fjell i gammal deild på utsiktspunkt | | | 6534927.95 | 484937.59 |
| | | 132.2 | 160.51 | | |
| 29 | JSR bolt i fjell nordvest for vatn | | | 6534850.16 | 485077.99 |
| | | 132.2 | 177.08 | | |
| 30 | JSR bolt i fjell på høgde 25 m nordaust for vatn | | | 6534764.44 | 485232.95 |
| | | 132.2 | 150.29 | | |
| 31 | JSR bolt i stein 15 m frå vatn | | | 6534691.59 | 485364.40 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | 122.4 | 193.80 | | |
| 32 | JSR bolt i fjell | | | 6534624.73 | 485546.30 |
| | | 122.4 | 176.23 | | |
| 33 | JSR bolt i stein i gammal deild ved tursti der gnr. 39 bnr. 1 støyter til og grensa endar. Punktet er også startpunkt for grense 3. | | | 6534563.93 | 485711.71 |

**Grense: 3 Grense for naturreservat og eigedom**

mellom gnr. 39 bnr. 4 i Nissedal kommune, eigar Monica Reksten
på vestre side
og gnr. 39 bnr. 1 i Nissedal kommune, verna areal
for eigar Statskog SF
på austre side

| Pkt nr. | Punkt-beskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X-koordinat | Y-koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| | Grensa tek til i delet mot gnr. 41 bnr. 3 og 19, i endepunktet for grense 2 | | | | |
| 33 | JSR bolt i stein i gammal deild ved tursti | | | 6534563.93 | 485711.71 |
| | | 399.2 | 180.10 | | |
| 34 | JSR bolt i fjell i skog-holt | | | 6534744.01 | 485709.44 |
| | | 399.2 | 133.80 | | |
| 35 | JSR bolt i stein 15 m sør for berg | | | 6534877.80 | 485707.67 |
| | | 399.2 | 160.99 | | |
| 36 | JSR bolt i stein 10 m aust for tursti | | | 6535038.77 | 485705.75 |
| | | 399.0 | 134.70 | | |
| 37 | JSR bolt i fjell 10 m sør for vatn | | | 6535173.45 | 485703.53 |
| | | 398.9 | 229.57 | | |
| 38 | JSR bolt i stein 10 m vest for tursti | | | 6535403.00 | 485699.69 |
| | | 387.8 | 127.62 | | |
| 39 | JSR bolt i fjell 20 m vest for stor stein | | | 6535528.26 | 485675.32 |
| | | 387.7 | 208.81 | | |
| 40 | JSR bolt i fjell | | | 6535733.22 | 485635.36 |
| | | 387.8 | 150.34 | | |
| 41 | JSR bolt i fjell i gammal deild nordvest for tursti der grensa endar. Punktet er også startpunkt for grense 4 | | | 6535880.79 | 485606.65 |

**Grense: 4 Grense for naturreservat**

Gnr. 39 bnr. 1 i Nissedal kommune, eigar Statskog SF på begge sider, med verna areal på søndre side

| Pkt nr. | Punktbeskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X-koordinat | Y-koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| | Grensa tek til i delet mot gnr. 39 bnr. 4, i startpunktet for grense 3 | | | | |
| 41 | JSR bolt i fjell i gammal deild nordvest for tursti | | | 6535880.79 | 485606.65 |
| | | 69.6 | 602.20 | | |
| 42 | MD bolt i svaberg 0.5 m ned for kampestein | | | 6536157.56 | 486141.47 |
| | | 67.2 | 366.69 | | |
| 43 | MD bolt i nedst i svakt skrånande svaberg | | | 6536338.40 | 486460.46 |
| | | 67.2 | 478.20 | | |
| 44 | MD bolt i nede i svaberg | | | 6536573.88 | 486876.67 |
| | | 66.6 | 385.59 | | |
| 45 | MD bolt i liten bergnabbe midt i dalsøkk | | | 6536767.21 | 487210.29 |
| | | 93.2 | 299.67 | | |
| 46 | MD bolt 1 m over foten av loddrett fjellvegg | | | 6536799.05 | 487508.26 |
| | | 91.8 | 530.79 | | |
| 47 | MD bolt i fjellknatt i søndre kant av skar | | | 6536867.43 | 488034.63 |
| | | 91.8 | 358.49 | | |
| 48 | MD bolt i liten bergrygg rett vest for attgrodd traktorveg | | | 6536913.61 | 488390.14 |
| | | 91.7 | 568.97 | | |
| 49 | MD bolt i stein på liten rygg 5 m ned og vest for steinblokk | | | 6536987.45 | 488954.30 |
| | | 63.3 | 360.14 | | |
| 50 | MD bolt i nedst i skrått berg | | | 6537183.68 | 489256.28 |
| | | 63.9 | 180.02 | | |
| 51 | MD bolt i steinblokk rett vest for lite berg i brattlia | | | 6537280.29 | 489408.18 |
| | | 85.9 | 608.37 | | |
| 52 | MD bolt i stor steinblokk i ur | | | 6537413.86 | 490001.71 |
| | | 86.1 | 238.50 | | |
| 53 | MD bolt utpå pynten av stor stein i bratt ur der gnr. 28 bnr. 2 støyter til og grensa endar. Punktet er også startpunkt for grense 5. | | | 6537465.46 | 490234.55 |

**Grense: 5 Grense for naturreservat**

Gnr. 28 bnr. 2 i Gjerstad kommune, eigar Statskog SF på begge sider, med verna areal på søndre og vestre side

| Pkt nr. | Punkt- beskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X- koordinat | Y- koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| | Grensa tek i delet mot gnr. 39 bnr. 1, i endepunktet for grense 4 | | | | |
| 53 | MD bolt utpå pynten av stor stein i bratt ur | | | 6537465.46 | 490234.55 |
| | | 102.1 | 332.26 | | |
| 54 | MD bolt i stor stein på brotet vest for bekk | | | 6537454.62 | 490566.63 |
| | | 103.7 | 132.09 | | |
| 55 | MD bolt i mosedekka berg i bratte lia | | | 6537446.91 | 490698.50 |
| | | 102.5 | 367.56 | | |
| 56 | MD bolt i fjell 20 m nord-aust for topp | | | 6537432.26 | 491065.77 |
| | | 96.2 | 86.34 | | |
| 57 | MD bolt i skrått berg oppå 10 m høg rygg | | | 6537437.40 | 491151.96 |
| | | 148.4 | 406.65 | | |
| 58 | MD bolt i toppen av berg på flatt parti i bratt ufs | | | 6537157.12 | 491446.58 |
| | | 148.4 | 266.93 | | |
| 59 | MD bolt i fjell på toppen av 4 m høg skrent | | | 6536973.24 | 491640.08 |
| | | 199.3 | 236.15 | | |
| 60 | MD bolt i jordfast stein i søndre kant av merka sti 3 m aust for skilt "natur-reservat" | | | 6536737.10 | 491642.64 |
| | | 199.2 | 655.30 | | |
| 61 | MD bolt i øvre kant av flat steinblokk 5 m nord for traktorveg | | | 6536081.84 | 491650.41 |
| | | 199.4 | 315.33 | | |
| 62 | MD bolt i stein i foten av skråning 5 m aust for bekk der grensa endar i den gamle vernegrensa. | | | 6535766.53 | 491653.47 |

**Grense: 6 Grense for naturreservat**

Gnr. 28 bnr. 2 i Gjerstad kommune, eigar Statskog SF på begge sider, med verna areal på vest nordvestre og nord nordvestre side

| Pkt nr. | Punkt- beskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X- koordinat | Y- koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| | Grensa tek til i den gamle vernegrensa og går i retning $205.1^g$ til | | | | |
| 63 | MD bolt i fjell i ope lyngområde | | | 6534712.63 | 490885.07 |

| Pkt nr. | Punktbeskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X-koordinat | Y-koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| | | 219.8 | 324.86 | | |
| 64 | MD bolt i fjell sørvendt helling | | | 6534403.36 | 490785.64 |
| | | 280.7 | 157.94 | | |
| 65 | MD bolt i stein nord for traktorveg | | | 6534356.19 | 490634.92 |
| | | 284.0 | 275.73 | | |
| 66 | MD bolt i fjell | | | 6534287.67 | 490367.84 |
| | | 283.1 | 157.43 | | |
| 67 | MD bolt i fjell søraust for myr der grensa endar i den gamle vernegrensa. | | | 6534246.42 | 490215.91 |

**Grense: 7 Grense for naturreservat**

Gnr. 28 bnr. 2 i Gjerstad kommune, eigar Statskog SF på begge sider, med verna areal på vest nordvestre side

| Pkt nr. | Punktbeskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X-koordinat | Y-koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| | Grensa tek til i den gamle vernegrensa i | | | | |
| 68 | MD bolt i fjell | | | 6533041.67 | 487783.27 |
| | | 212.1 | 248.22 | | |
| 69 | MD bolt i fjell 15 m opp i skråning frå stor stein | | | 6532797.95 | 487736.19 |
| | | 213.5 | 343.99 | | |
| 70 | MD bolt i fjell | | | 6532461.71 | 487663.59 |
| | | 215.0 | 181.39 | | |
| 71 | Umerka punkt der gnr. 41 bnr. 3 og 19 støyter til og grensa endar. Punktet er også startpunkt for grense 8. | | | 6532285.33 | 487621.28 |

**Grense: 8 Grense for naturreservat**

Gnr. 41 bnr. 3 og 19 i Nissedal kommune, eigar Statskog SF på begge sider, med verna areal på vest nordvestre side

| Pkt nr. | Punktbeskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X-koordinat | Y-koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| | Grensa tek til i delet mot gnr. 28 bnr. 2, i endepunktet for grense 7 | | | | |
| 71 | Umerka punkt | | | 6532285.33 | 487621.28 |
| | | 215.0 | 237.03 | | |
| 72 | MD bolt i fjell 15 m opp for gammal traktorveg, frå her held grensa fram same retning (215.0$^{9}$) til ho støyter i grensa for fylkesvegen og endar. Punktet er også startpunkt for grense 9. | | | 6532054.84 | 487566.00 |

**Grense: 9 Grense for naturreservat og fylkesveg**

mellom gnr. 41 bnr. 3 og 19 i Nissedal kommune, verna areal for
eigar Statskog SF
på nord nordvestre side
og fylkesvegen
på sør søraustre side

---

Grensa tek til i endepunktet for grense 8 og følgjer grensa for fylkesvegen til ho støyter på elva og endar.

**Grense: 10 Grense for naturreservat**

Gnr. 41 bnr. 3 og 19 i Nissedal kommune, eigar Statskog SF på begge sider, med verna areal på høgre side

---Pkt

| Punkt-nr. | beskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X-koordinat | Y-koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| | Grensa tek til i delet mot fylkesvegen, i endepunktet for grense 9, og følgjer elva til | | | | |
| 73 | MD bolt i fjell ute i elva | | | 6532245.59 | 486393.80 |
| | | 358.4 | 257.53 | | |
| 74 | MD bolt i fjell på berg-rygg oppi bratt ufs over gammal dam | | | 6532449.97 | 486237.13 |
| | | 358.1 | 246.35 | | |
| 75 | MD bolt i skrått berg | | | 6532644.76 | 486086.31 |
| | | 358.7 | 220.20 | | |
| 76 | MD bolt aust i bratt sva-berg med flott utsikt | | | 6532820.32 | 485953.39 |
| | | 394.1 | 359.91 | | |
| 77 | MD bolt i nesten flatt berg | | | 6533178.66 | 485919.83 |
| | | 394.1 | 172.02 | | |
| 78 | MD bolt i skrått svaberg i søndre skogkant | | | 6533349.93 | 485903.79 |
| | | 394.4 | 353.21 | | |
| 79 | MD bolt i fjell i tursti, der gnr. 28 bnr. 2 i Gjerstad kommune støyter til, grensa held så fram til | | | 6533701.78 | 485872.74 |
| | | 312.8 | 232.64 | | |
| 80 | MD bolt i bratt svaberg | | | 6533748.27 | 485644.80 |
| | | 313.0 | 351.62 | | |
| 81 | MD bolt i fjell i vestre kant av liten bergrygg | | | 6533819.40 | 485300.45 |
| | | 286.1 | 283.85 | | |
| 82 | MD bolt i stor stein | | | 6533757.70 | 485023.39 |
| | | 286.5 | 392.51 | | |
| 83 | MD bolt på kampestein oppå bergrygg | | | 6533675.24 | 484639.64 |
| | | 317.2 | 269.77 | | |
| 84 | MD bolt i berg 30 m aust for bekk/myrdal | | | 6533747.33 | 484379.69 |
| | | 333.7 | 178.66 | | |
| 85 | MD bolt i berg i lia rett opp og aust for gammal | | | 6533837.51 | 484225.45 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | fløtningsdam | | | | |
| | | 333.7 | 251.82 | | |
| 86 | MD bolt oppå lite berg 10 m aust for søraustre ende av vatnet | | | 6533964.56 | 484008.03 |
| | | 356.3 | 349.41 | | |
| 87 | MD bolt i 0.5 m høg spiss stein ved foten av lia nordaust for vatnet | | | 6534234.91 | 483786.68 |
| | | 278.1 | 193.92 | | |
| 88 | MD bolt i fjell på berg-ryggen nord for Løytedals-tjørnet | | | 6534169.54 | 483604.11 |
| | | 330.0 | 336.78 | | |
| 89 | MD bolt i svaberg ca 10 m aust for vasskanten | | | 6534322.41 | 483304.02 |
| | | 330.0 | 584.93 | | |
| 90 | MD bolt oppå lite berg midt i lia | | | 6534587.89 | 482782.80 |
| | | 330.0 | 240.09 | | |
| 91 | MD bolt i fjell ved foten av berg i nordre kant av gammal traktorslepe | | | 6534696.83 | 482568.85 |
| | | 336.4 | 179.84 | | |
| 1 | JSR bolt i fjell i gammal deild 5 m frå kant der der gnr. 41 bnr. 6 støyter til og grensa endar. Punktet er også startpunkt for grense 1. | | | 6534794.11 | 482417.60 |

## 2 Ymse avgjerder

### 2.1 Jordskiftekostnader

Påkomne kostnader skal dekkast av partane i samsvar med jordskiftelova § 74 niende ledd.

Gebyra er utrekna etter reglane i jordskiftelova § 74.

Kostnadene er desse:

| | | |
|---|---|---|
| Registreringsgebyr | kr | 4 300,- |
| Partsgebyr | kr | 3 870,- |
| Merkegebyr | kr | 70 520,- |
| Sum | kr | 78 690,- |

Etter jordskiftelova § 76 siste ledd skal kostnader for grensegang i samband med nye grenser for verneområde dekkjast av vernestyresmaktene. Fristen for betaling er 15 – femten – dagar frå forkynningsdatoen.

Avgjerda om rettsgebyr kan påkjærast. Dei andre avgjerdene kan ankast. Anke- og kjæremålsfristen er ein månad rekna frå forkynningsdatoen.

### 2.2 Forkynning
Forkynning skjer etter reglane for postforkynning.

### 2.3 Ikraftsetjing
Dersom ikkje anna er særskilt bestemt, skal avgjerdene gitt i denne saka setjast i kraft ein månad etter at saka er rettskraftig.

### 2.4 Avslutting av saka
Saka blir avslutta i dette møtet. Fristen for anke og kjæremål er éin månad rekna frå forkynningsdatoen. Reglane om anke og kjæremål følgjer forkynninga.

### 2.5 Tinglysing
Saka skal tinglysast på:

| Kommune | Gnr | Bnr |
|---|---|---|
| 0831 | 39 | 1 |
| 0831 | 39 | 4 |
| 0831 | 41 | 3 |
| 0831 | 41 | 6 |
| 0831 | 41 | 19 |
| 0912 | 28 | 2 |

Retten heva.

Kviteseid, 05.02.2007

Rett kopi:

ØVRE TELEMARK JORDSKIFTERETT